

Kick Off i god stemning med fullt hus

24.07.2009



Robert Smith Hald og Ole Rasmus Hjelle fekk opp den rette kick-off-stemninga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Leiinga for Festidalen 2009 er prega av forhåpningar om godt besøk og suksess framfor det som skal skje neste helg.

Ein optimistisk stemning var gjennomgangsmelodien då det var Kick Off på Vertshuset fredag kveld med svært godt innrykk. Då 150 var inne, hadde ikkje vertskapet lov til å sleppa inn fleire!

Robert Smith Hald (frå Pennsylvania og Bergen) og Ole Rasmus Hjelle frå Nordfjordeid skapte skikkeleg stemning med song og gitarspel.



Kunstnar Gaute Haugland og festivalsjef Sveinung M. Pile presenterar festivalplakaten (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei to inngår i 'Robert Smith Hald & Fusas finest', eit relativt ferskt band med seks mann som nyleg har lansert debutplata ' Innocence said'. Bandleieren er førebels svært nøgd med plata, ettersom ho allereie har kome inn på VG-lista.

- Det må vera bra for ein debutant, seier Robert til uskedalen.no mellom låtane på Vertshuset.

Neste fredag skal han og bandet opna ballet under Festidalen og gler seg til det. Utifrå det dei to presterte denne kvelden må konklusjonen bli at vi kan gle oss til ei frisk opning.

Gler seg gjer og festivalsjef Sveinung M. Pile. som ikkje minst er nøgd med at det har gått så greitt å hyra inn friviljuge. Men han vil ha fleire enn dei 120 som allereie er engasjerte til fredag og laurdag. Han treng mellom andre 20 til den krevande scenerigginga på onsdag. Og han treng fleire til laurdag - til alle slags funksjonar frå barhjelp til scenevakt.

I etterkant ønskjer han seg minst 15 som kan rydda bort festivalen. Målsettinga er at alt skal vera borte på onsdag. I 2007 tok bortryddinga altfor lang tid og vekte forståeleg nok irritasjon, innrømmer Sveinung.

Det fremste blikkfangen under Kick Off var ein innbydande, morosam og frisk plakat på 2,4 X 4 meter som den faste Festidalen-kunstnaren Gaute Haugland har laga. Han skal plasserast på austsida av elva der publikum skal slusast inn på festivalområdet. Og plakaten slår an ein atmosfære som tilskiparane håpar vil prega heile Festidalen 2009.

Av Ola Matti Mathisen